



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Overingeniør Mattis Mikkelsen, 71 25 84 21

Vår dato  
15.09.2011  
Dykkar dato

Vår ref.  
2011/3557/MAMI/542.1  
Dykkar ref.

Salmar Farming AS

7266 KVERVA

### **Vedtak om løyve til Salmar Farming AS for lokalitetane Andholmen 1 og 2 i Smøla kommune. Varsel om gebyr for saksbehandling og risikoklasse.**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedtek å gi Salmar Farming AS løyve etter forureiningslova til matfiskanlegg for laks, aure og regnbogaure på lokalitetane Andholmen 1 og 2 på inntil hhv. 3120 og 2340 tonn MTB, jf. søknadar av 08.11.2010. Løyvet med vilkår følgjer vedlagt.

Det blir varsla om at sakshandsaminga blir plassert under gebyrsats 4, og verksemda skal betale eit gebyr på kr 19 600. Verksemda vil bli plassert i risikoklasse 3.

*Løyvet trer ikkje i kraft før det er gitt løyve etter akvakulturlova.*

#### **Vedtak om løyve**

Vi viser til oversendingar frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 20.05.2011 med søknadar av 08.11.2010. Salmar Farming AS søker om løyve til produksjon av laks, aure og regnbogaure med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn på Andholmen 1 og 2340 tonn på Andholmen 2.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir med dette løyve til produksjon av laks, aure og regnbogaure med MTB på 3120 tonn på Andholmen 1 og 2340 tonn på Andholmen 2, på visse vilkår. Løyvet med dei vilkåra som høyrer med, følgjer vedlagt. Løyvet er gitt med heimel i Lov 1981-03-13 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11 og § 16.

## Fråsegner til søknaden

Søknaden vart lagt ut til offentlig ettersyn i Smøla kommune fram til 14.02.2011. Det har kome merknader frå 5 interessentar som meiner plasseringa er uheldig av omsyn til mellom anna båttrafikk, verneområder, fiskeinteresser og anadrom laksefisk. Det blir og peika på at anlegga blir etablert i eit område som allereie er under miljømessig press og at det er ein generell fare for skadeverknad på natur og miljø.

Lokalitetane ligg innafor område avsett til akvakultur i forslag til kystzoneplan for Smøla. Kommunen peiker i si vurdering på at dette er store anlegg som fører til store utslipp av næringsstoff i form av ekskrement og forspill, og at dette kan skade økosystem og friluftinteresser i området. Smøla kommune godtek plasseringa dersom kystverket meiner kravet om sikker seilas i leia blir vareteke.

## Grunngjeving for vedtak om løyve

Utsleppa frå eit oppdrettsanlegg består av store partiklar (spillfôr og fekalier), svevepartiklar og oppløyste stoff. Dei største partiklane vil sedimentere heilt i nærleiken av anlegget og verke inn på botntilhøva her. Mindre partiklar og oppløyste næringsstoff vil kunne gi verknader lengre ut i resipienten.

Den store auken i fiskeoppdrett dei siste åra har ført til ein stor auke av utslepp av næringsstoff langs kysten vår. Frå Lindesnes og opp til den russiske grensa er fiskeoppdrett den største kjelda til menneskeskapte utslepp av næringsstoff. Samstundes ser ein at kortliva trådalgar tek meir og meir over for den artsrike taeskoen i mange delar av landet. Dette er urovekkande, men meir overvaking må til for å finne årsak og utbreiing av problemet.

Det er utført B-undersøking ved lokalitetane Andholmen 1 og 2 den 12.08.2010. Ei B-undersøking seier noko om verknadane som følgje av sedimentering rett under anlegget. Den utførte undersøkinga er ein 0-prøve som nyttast som referansegrunnlag for seinare undersøkingar etter at drifta på lokaliteten er i gang. Undersøkinga gjev også ein peikepinn på kor god evne lokaliteten har til omsetting av organisk materiale frå oppdrettsverksemd. For Andholmen 1 og 2 blir denne evna rekna som god.

Det er gjennomført straummålingar på lokalitetane i perioden 21.06.2010 til 24.09.2010. Målingar er gjort ved fleire stasjonar og syner at lokalitetane har moderat til sær god straum i overflata og på 15 meters djup, med god snittfart og lite straum under 1 cm/sek. Ved botn er straumfarta mindre og det er periodar med straumstille. Høge maksimumsmålingar ved botn vil motverke opphoping av organisk materiale på botn. Straumretninga ved Andholmen 2 er i hovudsak nordaust med ein del søraustlege målingar på botn. Ved Andholmen 1 er straumen mindre einsretta. Straumrapporten konkluderer med at området er godt egna til oppdrett. Fylkesmannen ser ein viss fare for opphoping av organisk materiale som følgje av høg belastning og moderat straum på botn. Topografien på botn er og slik at utslepp frå anlegga kan bli samla i fordjupingar. Fylkesmann vurderer likevel straumforholda som akseptable for den omsøkte biomassen.

Andholmen 1 og 2 ligg i eit område med fleire andre oppdrettslokalitetar. Salmar Farming AS sine lokalitetar Hjortholmane 1 og 2, med samla MTB på 7800 tonn ligg på det næraste 600 meter frå Andholmen 2. Desse 4 lokalitetane vil til saman ha ein svært stor MTB på eit avgrensa område og effektane av den samla påverknaden på resipienten må overvakast grundig dersom ein skal tillate ei slik plassering. Det blir derfor stilt særlege krav til miljøundersøkingar i området. Etablering av Andholmen 1 og 2 vil kunne føre til auka konsentrasjon av oppdrettsfiski eit område, men med Nordmørsmodellen blir det også mogleg å brakklegge større område av gangen og dermed få til ei meir effektiv lakselusbekjemping.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld effektar frå oppdrettsverksemd er ikkje fullstendig og forskinga har så langt ikkje gjeve svar på kva for effektar utslepp av næringssalt og medisinar kan ha på naturmangfaldet. Vurderinga av samla verknad på økosystemet er derfor noko usikker og prinsippet om førevar må vurderast. Lokalitetane i området har truleg relativt gode forhold for fiskeoppdrett og ut frå dagens kunnskap om risiko for alvorlig eller irreversible effektar, saman med ei vurdering av dei samfunnsmessige forhold rundt oppdrettsnæringa, finn Fylkesmannen det rimeleg å gje løyve til etablering.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at det er akseptabel risiko for lokale forureiningsulemper frå anlegget. Krav om miljøundersøkingar vil vidare dokumentere om anlegget har uønska effektar på resipienten og i strandsona. Dersom slike uønska effektar blir avdekt, vil dette løyvet kunne trekkjast tilbake.

### **Krav om miljøundersøkingar**

Salmar Farming AS sine anlegg ved Andholmen og Hjortholmane vil kunne utgjere ei stor belastning på ein felles resipient. Det stilles derfor krav om at selskapet skal leggje fram ein samla plan for miljøovervaking av resipienten. Planen må omfatte standard pålagte undersøkingar og vurdere behovet for alternative undersøkingar, samt frekvens for desse. Planen må leggjast fram for Fylkesmannen.

For overvaking av kva for verknader oppdrettsanlegg har på botnforhold, har Norsk standard 9410 (NS 9410) utarbeida ei B- og ei C-undersøking. B-undersøkinga skal vise korleis botnen under og heilt i nærleiken av anlegget er påverka. C-undersøkinga skal gi eit bilete av verknad på botn utover i resipienten i anleggets fjernsone. For å overvake verknader på dyre- og algesamfunn i fjæresona og nedover i sjøen er det utarbeidd ein standard miljøundersøking: NS-EN ISO 19493:2007.

Løyvet stiller krav om å gjennomføre B- og C- undersøking etter NS 9410. Verksemda skal vidare dokumentere miljøtilstanden i litoral- og sublitoralsona i området som mest sannsynleg blir påverka av anlegget. Undersøkingar av litoral og sublitoralsona skal ta utgangspunkt i NS-EN ISO 19493:2007. **Alle undersøkingar må utførast av ein uavhengig kompetent fagleg instans som er i stand til å tolke resultatata i forhold til miljøverknad.** Krava er spesifisert i vilkår 8.1 i vedlegg til dette brevet.

### **Frist for gjennomføring av tiltak:**

- Ein samla plan for miljøovervaking av området skal leggjast fram for Fylkesmannen før lokaliteten blir teken i bruk.
- B-undersøking skal gjennomførast ved den første maksimale belastninga på resipienten og deretter i samsvar med NS 9410.
- C-undersøking skal utførast før lokaliteten blir teken i bruk og deretter med ein frekvens som den uavhengige faglege instansen vurderer som tilfredstillande, men minst kvart 6. år.
- Undersøking av litoral- og sublitoralsona skal utførast før lokaliteten blir teken i bruk og deretter i ein frekvens som den uavhengige, faglege instansen vurderer som tilfredstillande, men minst kvart 6. år.

C-undersøkinga kan utførast i samarbeid med andre lokalitetar som ligg i nærleiken. Verksemda må rekne med å delta og delfinansiere overvaking som blir sett i gang i området som ein del av aktiviteten med gjennomføring av Vassdirektivet.

Kopi av alle miljøundersøkingar skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal. All overvaking som er pålagt skal registrerast i <http://vanmiljo.klif.no>. Nærare informasjon om dette kjem frå fylkesmannen på eit seinare tidspunkt.

### **Erstatningsansvar**

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kap. 8.

### **Varsel om gebyr for sakshandsaminga.**

Vi viser til "Forskrift om begrensning av forurensning" (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyver m.v. Forskrifta er lagt ut på internett under fana "regelverk" på [www.klif.no](http://www.klif.no). Papirversjonen av forskrifta kan ein få ved å ta kontakt med fylkesmannen. På bakgrunn av opplysningar gitt i søknaden, varslar vi at sakshandsaminga blir plassert under gebyrsats 4 jamfør forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Det betyr at verksemda skal betale eit gebyr på kr 19 600. Frist for å komme med merknadar er 17.10.2011.

### **Varsel om plassering i risikoklasse**

Salmar Farming AS sin aktivitet på lokalitetane Andholmen 1 og Andholmen 2 vil bli plassert i risikoklasse 3.

**Klagerett**

Vedteke løyve kan påklagast til Klima- og forureiningsdirektoratet (tidlegare Statens forureiningstilsyn) etter reglane i kap. VI i forvaltningsloven av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Eventuell klage skal sendast fylkesmannen innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelde, det vil sei frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter akvakulturloven. Klagen skal vise til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringar som klagaren ynskjer. Klagen bør vere grunngjeven, og eventuelle opplysningar som kan ha verknad på saka bør nemnast.

Dersom det blir klaga på vedtaket, kan fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er ferdig handsama, jf. § 42 i forvaltningslova.

Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningsloven §§ 18 og 19. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil på førespurnad kunne gi nærare opplysningar om saksbehandlinga.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)

Mattis Mikkelsen

seksjonssjef

Vedlegg:

Løyve etter forureiningslova for lokalitet Andholmen 1

Løyve etter forureiningslova for lokalitet Andholmen 2

Kopi med vedlegg:

Marit Janne Hatlelid	Nelvika	6570	SMØLA
Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Karle Jostein Holm	Dyrnes	6570	SMØLA
Mattilsynet, distriktskontoret for Nordmøre	Postboks 383	2381	Brumunddal
Smøla Fiskarlag	bernttysnes@hotmail.com		
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Askill Sandvik	Utsikten 6	6514	KRISTIANSUND N
Aure og Tustna Fiskarlag	bjsenior@start.no		





FYLKESMANNEN  
I MØRE OG ROMSDAL

**Løyve etter forureiningslova for oppdrett av matfisk på lokalitet Andholmen 1 i Smøla kommune, Salmar Farming AS.**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Det er satt vilkår i løyvet (side 2 – 5).

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknaden av 08.11.2010 samt opplysningar som har kome fram under behandling av søknaden.

Løyvet gjeld først frå det tidspunktet anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Data om verksemda:		
Eigar av anlegget	Salmar Farming AS	
Postadresse	7266 Kverva	
Lokalitet	Andholmen 1	
Lokalitetsnummer		
Kommune og fylke	Smøla i Møre og Romsdal	
Kartreferanse EUREF89 i UTM-sone 32	Nord: 7038465.37	Aust: 442933.65
Maks. tillaten biomasse (MTB)	3120 tonn laks, ørret og regnbueørret	
Fylkesmannens referanse:	2011/3557	Risikoklasse: 3

Løyve gitt: 19.12.2010	Endringsnr./dato: -	Endring: -
<hr/>		
Linda Aaram overingeniør	Mattis Mikkelsen overingeniør	

## 1. Ramme for løyvet

Løyvet gjeld frå det tidspunktet anlegget har fått løyve etter akvakulturlova. Løyvet gjeld for ein produksjon med maksimal tillaten biomasse (MTB) som er angjeven på side 1.

Dersom anlegget ikkje er etablert innan to år, må det etter forureiningslova § 20 gjevast melding til fylkesmannen som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

## 2. Utslepp til vatn

### 2.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Det er berre lov med bruk av tørrfôr. Definisjon av tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %.

### 2.2 Medisin/kjemikaliar

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmidlar mm. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forureiningsstyresmaktene. Ved fôring med medisinfôr skal mest mogleg av fôrspill og ekskrement samlast opp. Oppsamla fôrspill/ekskrement skal handterast i samsvar med pkt. 5.

### 2.3 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom med meir må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

## 3. Utslepp til luft

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall samt andre aktivitetar ved anlegget skal skje på ein slik måte at dei ikkje fører til urimelege luktulempar for naboar.

## 4. Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, sjukehus, pleieinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, utrekna som frittfeltsverdi ved fasade som er mest ramma av støy:

Dag	Kveld	Natt	Søn-/heilag dagar	Natt
(kl. 07-19)	(kl.19-23)	(kl. 23-07)	(kl. 07-23)	(kl. 23-07)
LpAekv12h	LpAekv4h	LpAekv8h	LpAeq16h	LA1
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære drift, inkludert intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av tilsette ved verksemda er likevel ikkje omfatta av grensene.



## **5. Avfall og slam**

### **5.1 Produksjonsavfall og slam**

Død fisk, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulemper. Død fisk skal, så langt det er mogleg, takast opp av produksjonseiningane kvar dag. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarende. Avfallet skal behandlast slik at det i størst mogleg grad kan utnyttast. Oppsamla død fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast. Alt avfall skal leverast til handteringsanlegg som er godkjend av fylkesmannen.

### **5.2 Medisin- og kjemikalierestar**

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før henting ved produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

### **5.3 Anna avfall**

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt. 5.1 og 5.2 skal leverast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

## **6. Lagring av medisin og kjemikalier**

Medisin, insekticid, kjemikalier med meir skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande. Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. ikkje blir slept ut, men kan samlast opp. Dette kan f.eks. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å lage kantar som gir eit stort nok volum.

## **7. Kontroll**

### **7.1 Internkontroll**

Verksemda pliktar å etablere internkontroll i samsvar med gjeldande forskrift om dette<sup>1</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Internkontrollen skal sikre at det ikkje oppstår synleg avfall eller partiklar som stammar frå verksemda langs med strandlina.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøve.

### **7.2 Rutinar for vedlikehald**

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg med meir, slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette, skal

---

<sup>1</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta)

verksemda drive rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

### 7.3 Kontroll

Verksemda skal til ei kvar tid registrere og journalføre følgjande data:

- biomasse
- talet på død fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av:
  - antibiotika, type og mengd
  - insekticid, type og mengd
  - andre kjemikaliar
- mengde og samansetning av oppsamla slam samt vidare handtering
- avfallsmengder og vidare behandling

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/-inspeksjon. Verksemda pliktar å la representantar for fylkesmannen og kommunen inspisere anlegget når dei måtte ynskje det.

### 7.4 Årsrapport

Dersom fylkesmannen krev det, skal det utarbeidast ein rapport som viser siste års produksjon, utsleppsmålingar, avfallsmengder og handtering, samt forbruk av fôr, medisin med meir. Årsrapporten skal leverast på standard skjema.

## 8. Resipientundersøkingar

Selskapet må utarbeide ein samla plan for miljøovervaking av resipienten ved Andholmen 1 og 2 og Hjortholmane 1 og 2. Planen må omfatte standard pålagte undersøkingar og vurdere behovet for alternative undersøkingar, samt frekvens for desse. Planen må leggjast fram for Fylkesmannen før lokaliteten blir teken i bruk

### 8.1 Standard overvaking

Det skal i samsvar med akvakulturdriftsforskriften § 35 gjennomførast B-undersøkingar etter Norsk Standard 9410<sup>2</sup> ved den første maksimale belastinga, og vidare etter intervall som går fram av NS 9410. På hardbotnslokalitetar der organisk avfall frå anlegg akkumulerast i groper, lommer og ved foten av skråningar, skal dette registrerast, og prøver skal hentast frå dei registrerte områda.

C-undersøking skal utførast før lokaliteten blir teken i bruk og deretter med ein frekvens som den uavhengige faglege instansen vurderer som tilfredstillande, men minst kvart 6. år.

---

<sup>2</sup> NS 9410:2007 Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg

Undersøking av litoral- og sublitoralsona skal utførast med utgangspunkt i NS-EN ISO 19493:2007<sup>3</sup> før lokaliteten blir teken i bruk og deretter i ein frekvens som den uavhengige, faglege instansen vurderer som tilfredstillande, men minst kvart 6. år.

Undersøkingane skal utførast av ein uavhengig, kompetent faginstans og resultata skal ha ei fagleg vurdering i forhold til miljøverknad. Resultata av undersøkingane skal registrerast i databasen <http://vanmiljo.klif.no>. Nærare informasjon om registrering blir gitt på eit seinare tidspunkt.

## **8.2 Utvida overvaking**

Verksemda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar og overvaking dersom fylkesmannen finn at dette er nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningsloven § 51. Verksemda kan og påleggast å betale ein forholdsmessig del av kostnadene ved ei felles resipientundersøking saman med andre verksemdar med utslepp i området.

## **9. Generelt**

### **9.1 Eigenkontroll og ansvar**

Verksemda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader blir minst mogleg.

### **9.2 Akutte utslepp**

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikalier o.l. Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogleg.

### **9.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar**

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i forureiningslova vedta forureiningsgebyr for å sikre at reglane i loven og vilkåra i dette løyvet blir følgde opp. Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kapittel 10 i forureiningslova.

### **9.4 Endring av utsleppsløyvet**

Utsleppsløyvet kan endrast i samsvar med vilkåra i forureiningslova § 18.

### **9.5 Eigarskifte, konkurs og nedlegging**

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, eller endrar namn, skal melding sendast fylkesmannen så snart som mogleg, og seinast 1 måned etter eigarskiftet/endringa.

Ved nedlegging av drifta, t.d. på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til fylkesmannen, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk.

---

<sup>3</sup> NS-EN ISO 19493:2007 Vannundersøkelse – Veiledning for marinbiologisk undersøkelse av litoral og sublitoral hard bunn





FYLKESMANNEN  
I MØRE OG ROMSDAL

**Løyve etter forureiningslova for oppdrett av matfisk på lokalitet Andholmen 2 i Smøla kommune, Salmar Farming AS.**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Det er satt vilkår i løyvet (side 2 – 5).

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknaden av 08.11.2010 samt opplysningar som har kome fram under behandling av søknaden.

Løyvet gjeld først frå det tidspunktet anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Data om verksemda:		
Eigar av anlegget	Salmar Farming AS	
Postadresse	7266 Kverva	
Lokalitet	Andholmen 2	
Lokalitetsnummer		
Kommune og fylke	Smøla i Møre og Romsdal	
Kartreferanse EUREF89 i UTM-sone 32	Nord: 7038193.76	Aust: 442543.28
Maks. tillaten biomasse (MTB)	2340 tonn laks, ørret og regnbueørret	
Fylkesmannens referanse:	2011/3557	Risikoklasse: 3

Løyve gitt: 19.12.2010	Endringsnr./dato: -	Endring: -
<hr/>	<hr/>	<hr/>
Linda Aaram overingeniør		Mattis Mikkelsen overingeniør

## 1. Ramme for løyvet

Løyvet gjeld frå det tidspunktet anlegget har fått løyve etter akvakulturlova. Løyvet gjeld for ein produksjon med maksimal tillaten biomasse (MTB) som er angjeven på side 1.

Dersom anlegget ikkje er etablert innan to år, må det etter forureiningslova § 20 gjevast melding til fylkesmannen som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

## 2. Utslepp til vatn

### 2.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Det er berre lov med bruk av tørrfôr. Definisjon av tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %.

### 2.2 Medisin/kjemikaliar

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmidlar mm. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forureiningsstyresmaktene. Ved fôring med medisinfôr skal mest mogleg av fôrspill og ekskrement samlast opp. Oppsamla fôrspill/ekskrement skal handterast i samsvar med pkt. 5.

### 2.3 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom med meir må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

## 3. Utslepp til luft

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall samt andre aktivitetar ved anlegget skal skje på ein slik måte at dei ikkje fører til urimelege luktulempar for naboar.

## 4. Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, sjukehus, pleieinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, utrekna som frittfeltsverdi ved fasade som er mest ramma av støy:

Dag	Kveld	Natt	Søn-/heilag dagar	Natt
(kl. 07-19)	(kl.19-23)	(kl. 23-07)	(kl. 07-23)	(kl. 23-07)
LpAekv12h	LpAekv4h	LpAekv8h	LpAeq16h	LA1
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjeld all støy frå verksemnda si ordinære drift, inkludert intern transport på verksemnda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av tilsette ved verksemnda er likevel ikkje omfatta av grensene.

## **5. Avfall og slam**

### **5.1 Produksjonsavfall og slam**

Død fisk, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulemper. Død fisk skal, så langt det er mogleg, takast opp av produksjonseiningane kvar dag. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarende. Avfallet skal behandlast slik at det i størst mogleg grad kan utnyttast. Oppsamla død fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast. Alt avfall skal leverast til handteringsanlegg som er godkjend av fylkesmannen.

### **5.2 Medisin- og kjemikalierestar**

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før henting ved produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

### **5.3 Anna avfall**

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt. 5.1 og 5.2 skal leverast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

## **6. Lagring av medisin og kjemikalier**

Medisin, insekticid, kjemikalier med meir skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande. Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. ikkje blir slept ut, men kan samlast opp. Dette kan f.eks. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å lage kantar som gir eit stort nok volum.

## **7. Kontroll**

### **7.1 Internkontroll**

Verksemda pliktar å etablere internkontroll i samsvar med gjeldande forskrift om dette<sup>4</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Internkontrollen skal sikre at det ikkje oppstår synleg avfall eller partiklar som stammar frå verksemda langs med strandlina.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøve.

### **7.2 Rutinar for vedlikehald**

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg med meir, slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette, skal

---

<sup>4</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta)

verksemda drive rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

### 7.3 Kontroll

Verksemda skal til ei kvar tid registrere og journalføre følgjande data:

- biomasse
- talet på død fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av:
  - antibiotika, type og mengd
  - insekticid, type og mengd
  - andre kjemikaliar
- mengde og samansetning av oppsamla slam samt vidare handtering
- avfallsmengder og vidare behandling

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/-inspeksjon. Verksemda pliktar å la representantar for fylkesmannen og kommunen inspisere anlegget når dei måtte ynskje det.

### 7.4 Årsrapport

Dersom fylkesmannen krev det, skal det utarbeidast ein rapport som viser siste års produksjon, utsleppsmålingar, avfallsmengder og handtering, samt forbruk av fôr, medisin med meir. Årsrapporten skal leverast på standard skjema.

## 8. Resipientundersøkingar

Selskapet må utarbeide ein samla plan for miljøovervaking av resipienten ved Andholmen 1 og 2 og Hjortholmane 1 og 2. Planen må omfatte standard pålagte undersøkingar og vurdere behovet for alternative undersøkingar, samt frekvens for desse. Planen må leggjast fram for Fylkesmannen før lokaliteten blir teken i bruk

### 8.1 Standard overvaking

Det skal i samsvar med akvakulturdriftsforskriften § 35 gjennomførast B-undersøkingar etter Norsk Standard 9410<sup>5</sup> ved den første maksimale belastinga, og vidare etter intervall som går fram av NS 9410. På hardbotnslokalitetar der organisk avfall frå anlegg akkumulerast i groper, lommer og ved foten av skråningar, skal dette registrerast, og prøver skal hentast frå dei registrerte områda.

C-undersøking skal utførast før lokaliteten blir teken i bruk og deretter med ein frekvens som den uavhengige faglege instansen vurderer som tilfredstillande, men minst kvart 6. år.

---

<sup>5</sup> NS 9410:2007 Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg



Undersøking av litoral- og sublitoralsona skal utførast med utgangspunkt i NS-EN ISO 19493:2007<sup>6</sup> før lokaliteten blir teken i bruk og deretter i ein frekvens som den uavhengige, faglege instansen vurderer som tilfredstillande, men minst kvart 6. år.

Undersøkingane skal utførast av ein uavhengig, kompetent faginstans og resultata skal ha ei fagleg vurdering i forhold til miljøverknad. Resultata av undersøkingane skal registrerast i databasen <http://vanmiljo.klif.no>. Nærare informasjon om registrering blir gitt på eit seinare tidspunkt.

## **8.2 Utvida overvaking**

Verksemda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar og overvaking dersom fylkesmannen finn at dette er nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningsloven § 51. Verksemda kan og påleggast å betale ein forholdsmessig del av kostnadene ved ei felles resipientundersøking saman med andre verksemdar med utslepp i området.

## **9. Generelt**

### **9.1 Eigenkontroll og ansvar**

Verksemda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader blir minst mogleg.

### **9.2 Akutte utslepp**

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikalier o.l. Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogleg.

### **9.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar**

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i forureiningslova vedta forureiningsgebyr for å sikre at reglane i loven og vilkåra i dette løyvet blir følgde opp. Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kapittel 10 i forureiningslova.

### **9.4 Endring av utsleppsløyvet**

Utsleppsløyvet kan endrast i samsvar med vilkåra i forureiningslova § 18.

### **9.5 Eigarskifte, konkurs og nedlegging**

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, eller endrar namn, skal melding sendast fylkesmannen så snart som mogleg, og seinast 1 månad etter eigarskiftet/endringa.

Ved nedlegging av drifta, t.d. på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til fylkesmannen, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk.

---

<sup>6</sup> NS-EN ISO 19493:2007 Vannundersøkelse – Veiledning for marinbiologisk undersøkelse av litoral og sublitoral hard bunn